


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 77

NR. **03** NOVEMBER 2024



God jol!

Velkommen heim!



Dette året kom Bibelselskapet si oppdaterte omsetjing av bibeltekstane ut som Bibel 2024. Det er gjort nokre justeringar og endringar i språket for

at det skal vera levande og nært det som er vårt språk i dag. Det vart ikkje gjort like mange oppdateringar som i 2011, mellom anna er orda om at «...ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei» (Lukas 2, 7) dei same som før. Kva husrom er det snakk om at det manglar når Gud kjem til jorda?

For mange går vegen fram mot julekvelden innom kyrkja på julaftan. For endå mange fleire høyrer høgtlesing av juleevangeliet med på eit fast tidspunkt som ein av kveldens tradisjonar. Om du ikkje har kjøpt eller fått den nye bibelutgåva, så finn du all bibelteksten på www.bibel.no, også juleevangeliet slik vi finn det i Evangeliet etter Luka, kapittel 2. I kyrkjene kjem vi til å bruka den nye omsetjinga. I det sjuande verset får vi høyra om at det ikkje var husrom for den vesle familien. Men var det ikkje snakk om eit herberge, der dei ikkje kunne vere? Kor er herberget blitt av det? Og kva er forresten eit herberge?

Tidlegare vart det greske ordet «katalyma» i Lukas 2,7 omsett med «herberge»: «... for det var ikkje rom for dei i herberget». Fagfolk syner til nyare forskning som kan tyde på at det ikkje var noko herberge i Betlehem på tida rundt Kristi fødsel. Dette var ein by som ikkje låg ved nokon hovudveg. Andre fagfolk meiner at for Josef og Maria ville det vera mykje meir naturleg å overnatta hjå slektningar i Betlehem. Så ugjestmild kunne byen trass alt ikkje vera!

Hans-Olav Mørk, som var prosjektleiar for arbeidet med denne Bibel 2011, skreiv om valet omsetjarane har gjort. Der følgde dei det greske ordet *katalyma* til andre stader det er brukt i Det nye testamentet. Som verb kan ordet tyda «å ta inn hjå» eller «å vera gjest hjå» nokon, slik som når Jesus kjem heim til Sakkeus og er gjesten hans (Lukas 19). Dei såg også på korleis ordet var brukt då det gamle testamentet vart omsette frå hebraisk til gresk nokre år før Jesu fødsel. Der vart det same ordet brukt om «nattely» eller «husrom» for reisande, ein plass der gjeste kunne sova.

I juleevangeliet ser vi at ordet «krubbe» vert brukt heile tre gonger. Det understrekar at det ikkje er vanleg at eit nyfødd spedbarn vart lagt i dyra sitt matfat. Då skjønar me som les at grunnen til at Jesus vart lagt i krubba, nettopp var at det ikkje var plass til den vesle familien der dei reisande vanlegvis sov. Ikkje eingong der var det plass.

Så altfor mange menneske, mange av dei barn, er heimlause og lir på grunn av maktmenneske si tru på vald og drap. Andre kjenner på smerten i utanforskap av mindre voldsomme grunnar. Men jula kjem til oss og minner om at Guds Son tek plass mellom heimlause, blant dei som lengtar etter ein trygg stad å høyre til. Det er ikkje vesentleg kva type hus eller fellesskap det ikkje var plass i, korkje då eller no. Det viktige er at me blir vist eit bilde av ein heimlaus Gud. Ein Gud som er sårbar og som søker fellesskap. Som både sjølv tilbyr fellesskap, og som gjennom si heimløyse utfordrar oss til å tilby fellesskap.

Slik minner Juleevangeliet om at Gud no har fått sin heim mellom oss som på ulike vis er heimlause. Etter dette må ingen vere heimlaus lenger. Og om nokon er det, så er det ikkje etter Guds vilje, men eit kall til oss alle om å ønske andre velkomen inn.

Velkomen heim i kyrkjene til jul! Framleis god advent!

Av prost Kjell Olav Høstaker Nordheim



Sidan tysdag 29. oktober har det vore Babysong (tidlegare formiddagstreff) på Kyrkjestova, med Rasmus og Unnur som vertar.

Alle som er heime med små born er hjarteleg velkomne! Besteforeldre og andre må gjerne fylja med dei òg.

Kyrkjestova er open frå kl. 11.00-ca.13.00. Det blir ei lita songstund kl. 11.30. Etterpå serverast det vaflar (20 kr pr gong for servering).

Det blir babysong og opa kyrkjestove kvar tysdag fram til 10. desember, og etter jul fortset Babysong frå tysdag 14. januar.



Kvardagsskule – for gutar og jenter!

VIK KVARDAGSSKULE er søndagsskule på ein kvardag og er for gutar og jenter frå ca. 3 år og oppover. Vi er tilslutta Norsk Søndagsskoleforbund, og vi er ein del av Vik kyrkjelyd sitt barne- og ungdomsarbeid.

Vi har ei lita andakt, og elles syng vi i lag og har m.a. ein teikneaktivitet. Dei største ungane, frå 3. klasse og oppover, har eit eige opplegg deler av tida. Dei som vil har med litt pengar til barn som ikkje har det så godt som vi her i Noreg. Det er kjekt om foreldre eller eldre søsken er med. Kvardagsskulen er i Kyrkjestova om måndagane frå kl. 17.30–18.15. Vi vonar DU har lyst til å koma!

Tove Geithus og Karen Tangstad



VINTERPLAN 2024/25 FOR VIK KVARDAGSSKULE:

November: mandag 18.11.24
mandag 25.11.24
Desember: mandag 02.12.24
Februar: mandag 10.02.25
mandag 24.02.25
Mars: mandag 03.03.25
mandag 10.03.25
mandag 17.03.25
mandag 24.03.25
mandag 31.03.25
April: mandag 07.04.25

«Heilt enkelt, like stort og viktig»

- Med desse orda inviterte vi i kyrkja til Drop in-dag for dåp og vigsel i Vik kyrkje under Bringebærfestivalen, laurdag 10. august. Brurepar og dei som ynskte dåp kunne berre møta opp den dagen, så før sommarferien visste vi lite om dette ville bli noko av. Ville det kome nokon?

Gjennom sommaren vart Karen prest kontakta av fleire par som ville gifta seg i Vik kyrkje. Når dagen kom var det tre brurepar som hadde meldt seg. Ingen melde seg til dåp, verken i forkant eller i løpet av laurdagen.

Det vart ein travel laurdag for prest, organist og dei andre medhjelparane, med vigslar kl.11, 12 og 13, med feiring bak i kyrkja etterpå. Kyrkja spanderte alkohol-frie boblar til brureparet og kake og kaffi til dei som var til stades i kyrkja.

Sokneråda var med som kyrkjevertar. Eigentleg var dei sett opp i ein timeplan, så dei skulle avløysa kvarandre. Men kyrkjevertane ble etter kvart mange, for dei ville alle få med seg vigslane denne laurdagen.

Klokka 11 tok vi imot eit lokalt par. Heidi Ness og Bjørn Salbu kom saman med sine forlovarar og gav kvarandre sitt ja etter 25 år som sambuarar. Ei enkel markering var det rette for dei.



Når klokka vart 12 gjekk eit nytt par til alters, Kristin Folkedal og Odd Hamre frå Granvin. Dei hadde med seg sønene sine, som var brudesveinar for foreldra. Dei hadde halde bryllaupet hemmeleg for familie og vener. Moglegheita for Drop-in-vigsel hadde dei fått vite om når dei var i Vik under Gamalostfestivalen, kor kyrkja hadde stand og presenterte konseptet.

Den tredje og siste vigselen var nok den som likna mest på dei tradisjonelle bryllaupa, med brudepiker og brura som vart følgt til alters av far sin. Dei valde fleire salmar og songen i kyrkja var god. Arthur Bremer Brynjulfsen og Elisabeth Ove Aasen, var dei siste som gifta seg laurdag.





Dei samla alle som kunne av dei næraste og eit fylgje på godt og vel 20 reiste frå Hafslo til Vik denne laurdagen. Etter vig-selen heldt dei fram feiringa med middag på hotellet.

Kyrkja sin liturgi sett ei høgtideleg ramme for vigsla, sjølv når det blir gjort heilt enkel. Tanken bak å invitera til ein slik happening, har vore å senke terskelen



for å gifta seg, bli døypt eller døype borna sine. Karen prest ville syne for folk at det er ikkje alt som ein tenker høyrer eit bryl-lauf til som er naudsynt for at det skal opplevast både høgtideleg og viktig. Ved å gjera det heilt enkelt kjem ein til kjernen i rituala kyrkja har; det å få høyra til hjå Gud og å få leggja dei store tinga i livet i Guds hender.

I dei store og små tinga i livet skal ein kunne kome til kyrkja nett som ein er.

Kanskje er det fleire som går med giftepla-nar? Velkomen til å markere det hjå oss, uansett om de har ynskje om stort bryl-lauf eller ein heilt enkel seremoni. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om de har spørsmål.

Det blir lagt planar for 2025 og vi inviterer på ny til bryllaups- og dåpsdag i Vangsnes kyrkje laurdag 9.august.



Presten og de gode hjelparane. Foto: Ronja Årskaug Vallestad/ Sogn Avis

Musikkmesser i Hove steinkyrkje

Ein av mange Vikjer med etternamnet Hove er pensjonert prest Olav Martin. Han ber etternavnet sit med rette, for i ganske lang tid – frå 1999-2023 har han vert med å arrangere musikkmesser i Hove steinkyrkje.

Når tok det til med musikkmesser i Hove steinkyrkje?

- I gamle dagar var Hove kyrkje berre i bruk til gudsteneste på Olsok. Orgel var det ikkje, og kun få sitjeplassar, så folk måtte stå.

Men på slutten av 90-tallet tok mange til å snakke om at stenkyrkja burde brukast oftare om sommaren. Etter initiativ frå organist Øivind Netland vart det sett i gang ein innsamlingsaksjon for å skaffa **orgel**, eit kisteorgel (transportabelt orgel). Innsamlinga heldt på i 1997-98 og vart kalt Aksjon KyrkjeLyd. Den 29.-30. august 1998 vart orgelet teke i bruk. Orgelet, som kosta noko over 200.000 kr, var laga av ein orgelbygger frå England, Peter Collins. Han kom med orglet, og organist Øivind Netland tok imot. Det var konsert på laurdag, og så var det vigselsgudsteneste på søndagen, med både prosten og orgelbyggaren til stades.

«Det har vore viktig for meg at Hove kyrkje ikkje berre er eit museum, men meir ei kyrkje i bruk...»

Så kom musikkmessene i gang sommaren etterpå, i 1999. I byrjinga kalte vi det musikkandakt. Det var eit poeng at det ikkje var konsert, men gudsteneste – difor skifta arrangementet navn til musikkmesse. Så det vart laga ein enkel liturgi, der det skulle vera musikk- eller songinnslag. Liturgien er omtrent likeins i dag.

Det var ikkje **stolar** i kyrkja, berre benker på langsiden – men vi hadde eit bedehus



Olav Martin Hove bur i sin barndomsheim på Hove, nær Hove steinkyrkje.

som skulle rivast då vi bygde kyrkjelydshus, Kyrkjestova. Stolane frå bedehuset kom nå til god nytte i Hovekyrkja. Så stolane var på ein måte med å få i gang ein ny bruk av kyrkja.

Det har til vanleg vore 6 til 7 musikkmesser kvar sommar gjennom åra. Sommaren 2000 var det 7 musikkandakter.

Det er stort set folk frå Vik som har bidrege med musikkinnslag eller har leia arrangementet. Også vikarprestar. Alt er basert på frivillig innsats, så det har eigentleg ikkje kosta noko – ingen av dei som har delteke har teke honorar.

Tanken var eigentleg ikkje at det skulle vera for turistane, men heller eit gudstenestetilbod til dei lokale.



Kyrkjetenarfunksjonen er omfattande i Hove steinkyrkje. Her er Jonathan Nahayo i funksjon.

Det har også vore behov for **kyrkjetenar** under messene. Det er mykje arbeid med å skifte og tenna lys, setja opp stolar og ringje med klokka. I mange år har Ragnar Hove gjort ein trufast innsats som kyrkjetenar.

Kor mange av din familie har vore med?
Meir eller mindre heile familien. Eg var jo her det meste av sommaren. Tvillingane Anders og Kristoffer har begge vore guidar i kyrkja, Anders har medvirka som prest og Kristoffer ofte som kyrkjetenar. Per Inge, som er kantor i Bergen, har også vore med.

Det var alltid godt samarbeid med Fortidsminneforeningen og Kari Sunde. Det har jo vore ei forutsetning for at vi har fått brukt kyrkja.

Det har vore viktig for meg, at Hove kyrkje ikkje berre er eit museum, men meir ei kyrkje i bruk. Biskop Per Lønning var også opteken av det. I alle åra han var

biskop hadde vi stiftsmøte på Helgaton i Myrkdalen, og så heldt heile presteskapet i Bjørgvin bispedømme gudsteneste her i Hove kyrkje.

Vik kyrkje vart teken i bruk 1877, og då skulle Hove kyrkje eigentleg rivast. Men Peter Andreas Blix kjøpte kyrkja for eigne midlar for å taka vare på den. Slik som kyrkja står no, så er det Blix sitt verk. Det seiest at han døyde som ein fattig mann.

Og du tykkjer det er greit at gravminnet over Blix ligg midt på golvet når ein kjem inn i kyrkja?

Vi vil jobba litt med å få senka gravminnet ned i plan med golvet, for det er verkeleg ein snublestein. Men det er vanskeleg og tek tid å få til endringar.

Kven eig Hove kyrkje?

Før sin død testamenterte Blix kyrkja til broren sin. Han testamenterte den vidare til Riksantikvaren, som gav den til Fortidsminneforeningen. Sogn og Fjordane avdeling av Fortidsminneforeningen har ansvar for dagleg drift gjennom ein forvaltningsavtale, og det er dei som tilset og organiserer guidane om sommaren.

Fundament og kontinuitet

Det mest fantastiske ved Hove kyrkje er



Foto: Wikimedia

eigentleg det vi ikkje ser; sjølve fundamenteringa, fortel Olav Martin. Dei fleste andre steinkyrkjer rundt her har problem med at veggene går ifrå kvarandre. Mange har måtta lage støttemurar på utsida, pluss at dei har montert opp lange jernstenger inne for å holda dei samman. Men i Hove er det ikkje noko av dette og heller ikkje ein einaste sprekk i muren.

Et solid fundament har båret Hove steinkyrkje like frå 1100-talet til no, og eit like så solid fundament har vi hatt under musikkmessene i 24 år i form av arrangør, koordinator og liturg Olav Martin Hove.

Nå har han overlatt tøylene til nye folk: organistane Vidar Vikøren og Arne Kirk Olden-Wikestad har no stått for tilrettelegging og orgelspel på dei godt besøkte musikkmessene sommaren 2024. Kontinuiteten er tydeleg; Vidar Vikøren, tidlegare domorganist i Stavanger, spelte også konsert på orgelet i Hove kyrkje då dette vart teke i bruk fyrste gang ved vigsla i 1998.

Vi trur at musikkmessene framleis bygger på eit solid fundament og skal halda fram til glede for mange i åra framover.

Krista Revsbeck

Stor takk

til Olav Martin Hove for 24 år ved roret. Og stor takk til alle dei frivillige som har medverka til at musikkmessene sommaren 2024 gjekk så bra! Foruten kyrkjetenarar og andre som har bidrege med praktisk hjelp vil vi takka:

Musikere 2024:

Alf Tore Hommedal, Felicity Rinde, Elizabeth Kirk Olden-Wikestad, Nicolai Hydle Rivedal, Marita Kjetland Rabben, Gygrene, Vidar Vikøren, Arne Kirk Olden-Wikestad.

Liturger 2024:

Maria H. Aaby, Astrid Clara B. Pedersen, Anders Hove, Nora Baartvedt, Rasmus Rustad.

Vik kyrkje 15. desember kl. 19.00

Søle julekveld

Vi syng jula inn - gudsteneste etter den engelske Tradisjonen med ni lesningar og julesangar

Sammensatt kor;

Arne Aksel Kirk Olden-Wikestad, orgel;

Vidar Vikøren, orgel og korleing;

Rasmus Bolstad Rustad, liturg.



KYNDELSMESSEBASAR

vert arrangert
på Kyrkjestova laurdag 1. febr.
kl. 15.00.

Loddsalg frå
kl. 14.00. Inntekt
til Det Norske
Misjonsselskap.

Kyrkjestova Misjonslag & Flatbygdi Kvinneforening

BARNEHAGE OG SKULE:

Ons. 04. des. kl. 10.00:
Barnehagegudsteneste i Vik kyrkje

Tor. 05. des. kl. 10.00:
Barnehagegudsteneste i Vangsnes kyrkje

Tir. 10. des. kl. 10.00:
Barnehagegudsteneste i Fresvik kyrkje

Tir. 10. des. kl. 12.00:
Skulegudsteneste i Fresvik kyrkje

Fre. 20. des. kl. 10.00:
Skulegudsteneste i Vik kyrkje



Julefest for små og store

vert tradisjonen tru arrangert i Kyrkjestova 3. juledag,
fredag 27. des. kl. 16.00.

Det blir servering, gang kring juletreet, englelotteri m.m.
Fri inngang. Hjarteleg velkomen!

Vik sokneråd

Biletglimt frå trusopplæringa hausten 2024 – Feios kyrkje



På leiting etter lammet Krølle



Bli kjent med kyrkja di – Barn på oppdagingsferd i Feios kyrkje



4-åringar og 6-åringar fekk bok av kyrkja.



3-åringane fekk ein Krølle kvar



Biletglimt frå trusoplæringa hausten 2024 - Vik kyrkje



4-åringar i Vik kyrkje



DUPLO-BØN



Kva er i skattekista?



6-årsbok er delt ut



Den gode hyrde har funne «Krølle» - i Vik kyrkje



3-åringar i Vik har fått kvar sitt koselam

50-års jubilantar møtast att i Vik kyrkje 22. september



Flg. 50-års konfirmanter deltok på jubileet 21. og 22. september: Rune Lee, Sigurd Ole Fjærestad, Tore Røyrvik, Olav Thune, Morten Midlang, Inger-Kari Langeteig, Hilde Fridell, Åslaug Stadheim Ese, Morten Jomisko, Nils Ove Hove, Venke Gram, Jostein Orvedal, Anne Utmo, Inger Bungum Øksdal, Jan Kløve, Brynhild Myrkaskog, Ove Nummedal, Anne Mette Valsvik, Kjell Gunnar Lilleøren, Anne Jorunn Orvedal, Håvard Tenold, Kjell Sandvoll, Geir Aase.

**Nye konfirmantar
2024-25 vart presentert
13. oktober Vik kyrkje**



NYTT FRÅ KYRKJEKONTORET

STATUS PROSJEKT KYRKJETAK

Som gjort kjent tidlegare arbeider fellesrådet med å rehabilitere taka på kyrkjene i Vik, Vangsnes og Feios. Det er no utarbeidd forprosjekt der tilråding på tiltak og kostnad er estimert. Vik kyrkjelege fellesråd har sendt saka til Vik kommune som grunnlag for finansiering. Sams-tundes vert det sendt søknad om gjennomføring av tiltak til Bjørgvin Bispedøme og Riksantikvaren. Me søker også om midlar frå «kyrkje-bevaringsfondet». Vonar me får starte rehabiliteringa i 2025, vidare plan-legging vil avdekke kva kyrkje me startar med.

PROSJEKT UNIVERSELL

TILKOMST TIL VIK KYRKJE

Prosjektet er ferdig planlagt og tiltaket er godkjent av alle formelle instansar. Me er no i ein anbod-sprosess for bygging av denne nye inngangen. Me arbeider også med Statens vegvesen for oppgradering av muren mellom R 13 og grusvegen langs kyrkjegardsmuren mot vest

Me arbeider for at dette tiltaket kan gjennomførast i 2025.

FAGDAG I SOGNDAL: LIKESTILLING, INKLUDERING OG MANGFALD (LIM)

30. oktober var tilsette ved kyrkjekontoret i Vik saman med kollega i prostiet samla i Sogndal til felles fagdag med LIM som tema. I september 2021 vedtok kyrkjerådet eit "forventningsdokument og handlingsplan" for likestilling, inkludering og mangfald. Dette uttrykker Den norske kyrkja sine overordna verdier og målsetjinga og gjeld for tilsette, folkevalde og frivillige på alle plan i kyrkja. Verdigrunnlaget kan oppsummerast i fem punkt (sitat Den norske Kyrkja):

- Alle menneske er skapte i Guds bilete med same likeverd og ukrenkelige verdi
- Einkvar har rett til å definere sin eigen identitet, erfare fridom og bruka sine evner
- Menneskerettane, norske lover og bærekraftsmåla skal ligge til grunn for arbeidet
- Nokre enkeltpersonar og grupper treng eit særskilt vern og positiv diskriminering for å få sine rettar tekne i vare og realisert sitt potensialet
- Likestilling og mangfald krev endring for å oppnå rettferd.

Kyrkjerådet har vedteke ein nasjonal handlingsplan for Den norske Kyrkja. Fellesråd og sokneråd vert oppmoda om å lage lokale handlingsplanar for å følgje opp det viktige arbeidet med likestilling, inkludering og mangfald. Fagdagen i Sogndal vart starten på slikt arbeid for fellesrådet. Vik

Marit

Gåve til Fresvik kyrkje: 2 biletvev-tepper

For dei som har vore innom Fresvik Kyrkje den seinare tida, så har de kanskje sett at det heng to tepper i biletvev på veggen ved inngangsdøra.

Teppa er flotte og har religiøse motiv, og er laga av Ragnhild Kjerstine Vange. Ho har for ei tid tilbake gitt desse i gåve til Fresvik Kyrkje. Etter årsmøte i vår hengde vi opp teppa, og Fresvik sokneråd er svært takksame for å ha motteke denne flotte gåve! Vi er sikre på at alle som kjem innom kyrkja vil setje pris på dette. Hjarteleg takk!

Fresvik Sokneråd



Galaxy S24

Joh. åpenbaring 3,20: «Se, jeg står for døren og banker. Om noen hører min røst og åpner døren, vil jeg gå inn til ham og holde måltid, jeg med ham og han med meg.»



...» For jeg var sulten, og dere ga meg mat; jeg var tørst, og dere ga meg drikke; jeg var fremmed, og dere tok imot meg; jeg var naken, og dere kledde meg; jeg var syk, og dere så til meg; jeg var i fengsel, og dere besøkte meg.» «Og kongen skal svare dem: 'Sannelig, jeg sier dere: Det dere gjorde mot én av disse mine minste søsken, har dere gjort mot meg.'» (fra Matteusevangeliet 25)

SOMMERKONKURRANSE – LØSNING:



Engelen som manglar venstre arm har sin plass over orglet i **Vangsnes kyrkje**. Vi fikk rette svar fra to personer (tidl. mangeårig tilsette), så dei må dele ein liten trøystepremie, som blir utlevert i november.

NY JULEKONKURRANSE:

Kvar står dette vakre kyrkjetårnet?
Svar innan 15. mars til kristarevsbech@gmail.com





Barnas



Fargelegg!


Teikning:
Chiara Bertelli



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna


Vits



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen – mer enn du tror

Døyppte:

Vangsnes

15.9.24 Else Sjømæling

Vik

08.09.2024 Mats Eik Ugstad

22.09.2024 Elina Nilssen-Tenold

Hove:

29.07.2024 Eivind Kjetland Rivedal

29.07.2024 Guro Vangsnes Borlaug

Feios:

18.08.2024 Sigurd Vangsnes

13.10.2024 Leander Berge Fedje

Fresvik

13.10.2024 Hermine Stensholt Bøtun

Uigde:

Vik

10.08.24: Elisabeth Ove Aasen og
Arthur Bremer Brynjulfsen

10.08.24: Kristin Folkedal og Odd Hamre

10.08.24: Heidi Irene Ness Salbu og
Bjørn Salbu

Feios

21.09.24: Frida Berdal og
Jaran Rinde Berdal

Gravferd – urnenedsetjing:

Fresvik

24.07.2024 Jon Arve Nesheim

f. 1984

Vik

25.07.2024 Solfrid Konstanse Skjerven

f. 1938

06.08.2024 Francine Charron Turvoll

f. 1953

16.08.2024 Margot Sandvoll

f. 1932

18.09.2024 Jon Harald Vallestad

f. 1938

27.09.2024 Ingrid Bolstad

f. 1973

Vangsnes

18.07.2024 Terje Blomseth

f. 1945

04.09.2024 Sylvia Endregard

f. 1946



NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

E-POST: KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Marit Johanne Andersen

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806

mobil 906 86 227

KONTORTID

måndag,

tysdag og

onsdag

kl. 10.00–15.00

Sokneprest

Karen Helene Bøhn Melhus

tlf. 468 89 980

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

Prostiprest

Rasmus Bolstad Rustad

tlf. 977 38 134

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

Organist

Krista Revsbech

tlf. 0045 25 30 48 78

epost: kristarevsbech@gmail.com

tlf. 921 61 625

Leiande kyrkjetenar

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik, Vangsnes og Arnafjord

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

tlf. 918 70 581

SOKNERÅD

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Feios:

Arnstein Linde

tlf. 909 30 320

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

Soknerådsleiar Vangsnes:

Brita Sissel Turvoll

tlf. 909 28 179

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad

tlf. 905 33 581

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Turid Kristine Brekke

tlf. 922 28 593

Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

VELKOMMEN TIL KYRKJE

17. nov	26. s. i treeining. Joh 9, 1-7 og 35-38
kl. 18.00 Vik kyrkje	Strikkegudsteneste v/ Karen Melhus
1. des	1. s. i advent. Matt 21, 10-17
kl. 16.00 Fresvik kyrkje	Adventsgudsteneste/lysmesse v/Karen Melhus
kl. 19.00 Vangsnes kyrkje	Adventsgudsteneste/lysmesse v/Karen Melhus
8. des	2. s. i advent. Joh 16, 21-24
kl. 16.00 Arnafjord kyrkje	Adventsgudsteneste/lysmesse v/Karen Melhus
kl. 19.00 Vik kyrkje	Adventsgudsteneste/lysmesse v/Karen Melhus
15. des	3. s. i advent
kl. 19.00	De 9 lesninger, kor og julesangar. Liturg Rasmus Rustad
24. des	Julaftan. Luk 2, 1-20
kl. 14.00 Feios kyrkje	Julaftangudsteneste v/Rasmus Rustad
kl. 14.00 Vangsnes kyrkje	Julaftangudsteneste v/Karen Melhus
kl. 16.00 Vik kyrkje	Julaftangudsteneste v/Karen Melhus
25. des	Juledag. Joh 1, 1-14
kl. 11.00 Vik kyrkje	Høgtidsgudsteneste v/ Karen Melhus
kl. 16.00 Arnafjord kyrkje	Julegudsteneste v/ Karen Melhus
kl. 16.00 Fresvik kyrkje	Julegudsteneste v/ Rasmus Rustad
12. jan	2. s. i openb. Joh 1, 29-34
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/Karen Melhus
19. jan	3. s. i openb. Joh. 1, 15-18
kl. 18.00 Fresvik	Strikkegudsteneste v/Karen Melhus
26. jan	4. s. i openb. Luk 13, 10-17
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ vikar
9. feb	6. s. i openb. Mark 13, 21-27
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/Rasmus Rustad
kl. 16.00 Arnafjord	Gudsteneste v/Karen Melhus. Årsmøte.

INFORMASJON



UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Krista Revsbech
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR	38003011558

VELKOMEN TIL KYRKJE

16. feb	Såmannssøndag. Matt 13, 24-30
kl. 11.00 Vangsnes	Gudsteneste v/Karen Melhus. Årsmøte
kl. 16.00 Feios	Gudsteneste v/Karen Melhus. Årsmøte
23. feb	Kristi Forklarelsesdag. Luk 9, 28-36
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ Karen Melhus
9. mar	1. s. i fastetida. Matt 26, 36-45
kl. 11.00 Fresvik	Gudsteneste v/Karen Melhus. Årsmøte
kl. 16.00 Vik	Gudsteneste v/Karen Melhus
16. mar	2. s. i fastetida. Luk 13, 22-30
kl. 11.00 Feios	Gudsteneste v/ Karen Melhus
kl. 16.00 Vangsnes	Gudsteneste v/ Karen Melhus
23. mar	Maria' Bodskapsdag. Luk 1, 39-45
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ vikar
kl. 16.00 Arnafjord	Gudsteneste v/ vikar
6. apr	4. s. i fastetida. Joh 6, 24-36
kl. 11.00 Vik/felles	Samtalegudsteneste/fasteaksjons- gudsteneste v/ Rasmus Rustad

*Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

KYRKJESKYSS

Arnafjord:	Ring leiar Endre Nese	tlf. 415 10 401
Feios:	Ring leiar Arnstein Linde	tlf. 909 30 320
Fresvik:	Ring leiar Kirsten Johanne Bøtun	tlf. 951 49 366
Vangsnes:	Ring leiar Brita Sissel Turvoll	tlf. 909 28 179
Vik:	Ring leiar Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581